

## Dramatisk redningsaksjon for naust.

11.01.2015



Dette naustet fekk store skadar. Legg merke til båten. I framgrunnen var det og eit fint gjerde.

**Som vi viste på videosnuttar i går, fekk det flotte naustet til Tom O. og Edith Haugland store skadar. Det var eit svært trist syn som møtte oss då vi besøkte naustet i Kleivadalen i føremiddagstimane i dag. Det kraftige veret hadde herja fælt.**

Dørane var slått inn av dei kraftige bølgiene. Ei stort glas var slått inn og knust. Inne låg alt hulter til bulter, og noko av det som hadde blitt trekt ut av naustet låg smadra framfor nabonaustet. Ein båt på utsida av naustet er kløyvd, og etter eit gjerde på utsida ser vi berre nokre betongstolpar som deler av gjerdet var forankra i. Det er eit trist syn!



Inne i naustet.

Likevel er det opplevinga under sjølve redningsaksjonen som pregar eigaren Tom O. Haugland mest i dag. Saman med sonen Erlend gjorde han ein innsats for å berga det som kunne bergast.

- Det var skremande krefter bølgiene kom med, og vasstanden var så høg at eg stod til livet i vatn, fortel Tom og legg til at han er glad han og sonen er i livet i dag.
- Det gjekk ei stund før eg forstod kva fare eg var i, seier han prega av opplevingane og oppgitt over skadene.



Inne i naust 2

Han fortel at han hadde teke alle forholdsreglar. Alt var til dømes bunde fast, og dørene var godt forankra med 4 toms plank.

- Mot desse kreftene hjelte ingen ting, avsluttar han.



[Noko hadde teke turen til nabonaustet.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.